

17. sep.

**NYTT** frå Stad 2020 / september 2019

tilsette i Eid og Selje

## NYE ARBEIDSAVTALAR

FOR STAD KOMMUNE

### Faste tilsette får ny arbeidsavtale

Alle fast tilsette skal få ny arbeidsavtale i Stad kommune før 01.01.2020. Avtalene vert sende ut med posten si signeringsløyising. Avtalene blir sende til dei e-postadressene som dei tilsette er registrerte med i Kontakt- og reservasjonsregisteret. Vi oppmodar ALLE TILSETTE om å sjekke kva opplysningar som er registrerte i registeret!

### Elektronisk signering av arbeidsavtalen

For å signere arbeidsavtalen elektronisk loggar den enkelte seg inn med til dømes Min ID, BankID på mobil eller kodar frå banken. Vi ber om at alle som mottek ein arbeidsavtale frå Stad kommune så snart som mogleg signerer avtalen. Det er svært viktig at du signerer på at du takkar ja eller aktivt avslår avtalen du får tilsendt. Fristen for å signere avtalen er 7 dagar.

### Tilsette med mellombels avtale 2019-2020 får ikkje ny arbeidsavtale

Tilsette som har signert mellombels avtale i Selje eller Eid for perioden 2019-2020 vil IKKJE få ny arbeidsavtale i Stad kommune. Signerte mellombelse avtaler i dei to kommunane vil også gjelde i Stad kommune i den perioden avtalen gjeld. Dersom avtalen din går ut 31.12.2019 og du skal halde fram i i jobben frå 01.01.2020 så skal du ha ny arbeidsavtale i Stad kommune.

### Spørsmål om arbeidsavtalene

Det kan vere NOKRE FÅ i kvar eining som ikkje får avtalen heilt på same tid som alle andre. Det er ikkje grunn til å fortvile, men tek det for lang tid, så ta kontakt med personal og kommunikasjon.

Dersom du meiner at det er noko feil med avtalen, skal du også ta kontakt med stabseining personal og kommunikasjon så snart som mogleg slik at vi får registrert feilen og undersøkt nærare.

Vi veit at nokre kan få endra eller redusert stillingsprosent i perioden fram mot nyttår. Dersom ev endring er så stor at det er krav om ny arbeidsavtale, så vert det skrive ein ny arbeidsavtale.

Dei som kan svare på spørsmål om arbeidsavtale i personal og kommunikasjon er Stine Øverland, Heidi Kroken Bruland, Margunn Myklebost, Vivian Hellebust Sæten og Ingunn Rotihaug.

